



SURNADAL KOMMUNE  
Bårdshaugvegen 1  
6650 SURNADAL

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Andreas Welle Rusten, 71 25 84 42

## Surnadal kommune - vedtak i klagesak - detaljregulering for Moavegen 21


**Statsforvaltaren i Møre og Romsdal opphevar Surnadal kommunes vedtak av detaljreguleringsplanen Moavegen 21. Plansaka er ikkje tilstrekkeleg utgreidd når det gjeld trafiktryggleik. Klaga er tatt til følgje.**

### Saksgang

Vi viser til Surnadal kommune si oversending av klagesak 21. desember 2023. Vi beklagar vår lange saksbehandlingstid. Den skuldast manglande bemanning over tid.

Plankonsulent Angvik Prosjektering AS fremja på vegner av grunneigar og forslagsstillar Setra Surnadal AS forslag til detaljreguleringsplan for Moavegen 21. Kommunestyret godkjente planen i sak 55/23 den 7. september 2023. Planvedtaket blei klaga på den 31. oktober 2023 av 14 naboar til Moavegen 21.

Kommunestyret tok ikkje klaga til følgje i sak 77/23 den 14. desember 2023. Saka blei oversendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd, sjå plan og bygningsloven (pbl) § 1-9. Statsforvaltaren blei i samband med vår saksbehandling kontakta av Guro Eli Ramsøy per telefon 12. januar 2024. Vi heldt synfaring på staden 20. september 2024.



Saka har ei forhistorie der kommunen ved hovudutval for miljø, areal og teknikk (MAT) to gongar avviste oppstart av reguleringsarbeidet. Dette skjedde 25. november 2020 og 19. mai 2021. Kommunestyret godkjente oppstart av planarbeidet 16. september 2021. MAT-utvalet avgjorde 31. oktober å ikkje legge planforslaget på høyring og offentleg ettersyn. Dette blei først gjort 15. mars 2023.

### Statsforvaltaren si rolle

Klagen er sendt inn innafør klagefristen og vilkåra for at Statsforvaltaren kan behandle saka er oppfylte. Vi kan prøve alle sider av saka, sjå forvaltningslova § 34. Vi kan sjå nærmare på saksbehandlinga, bruk av rettsreglar, og om kommunen sitt skjønns i regulerings-saka er forsvarleg utøvd. Vi kan òg ta opp tilhøve som ikkje er nemnt i klagen dersom vi finn grunn til det. Resultatet av



klagebehandlingen kan bli at vi stadfestar eller opphevar reguleringsplanvedtaket. Vi kan ikkje gjere endringar i reguleringsplanen utan å leggje saka fram for kommunen.

### **Saka gjeld**

Detaljreguleringsplanen legg til rette for eit fortettingsprosjekt på Moavegen 21. Ifølgje planføresegnene § 4 er området regulert til lågblokk, utnyttingsgraden er 45 % BYA, maksimal gesimshøgde er satt til kote +31,5, og det kan maksimalt etablerast 10 bueiningar. I planomtalen står det at planen legg opp til lågblokker over to etasjar med garasjelegging i kjellaren. I tillegg er det regulert gateparkering for inntil 7 parkeringsplassar i området f\_SPA. Mot sør ligg eit leikeareal.

Moavegen 21 var tidlegare utbygd med ein tomannsbustad og garasje. Tomannsbustaden er no riven. Eigedomen består elles av mykje ope areal. Planområdet inngår i eit bustadområde i sentrum av Skei, med kort avstand til eksempelvis barnehage, legesenter, omsorgsbustadar og sjukeheim. I kommuneplanens arealdel (2017-2029) er planområdet avsett til sentrumsformål. I eldre reguleringsplanar inngår planområdet i areal regulert til bustad, bilveg og friområde.

Klaga på planvedtaket gjeld primært trafikktryggleik. Klagarane meiner planvedtaket går imot fråsegner frå både Statens vegvesen og politiet, og at vedtaket er treft på bakgrunn av mangelfull informasjon. Dei tar også opp forhold som gjeld bu- og bygningsmiljø langs Moavegen.

### **Statsforvaltaren si vurdering**

#### Rettslege utgangspunkt

Kommunestyret er øvste plan- og arealbruksmyndigheit i kommunen. Gjennom arealplanar og reguleringsplanar bestemmer kommunestyret kva ulike områder i kommunen skal nyttast til. Kommunestyret vedtar nye planar, eller gjer endringar i eksisterande planar. Dei rettslege rammene for kva som kan bestemmast av arealbruk følgjer av pbl. §§ 12-5, 12-6 og 12-7.

Plan- og bygningsloven gir saksbehandlingsreglar for korleis planprosessen skal gå føre seg. Areal- og reguleringsplanar blir til gjennom grundige planprosessar. Fagorgan og andre som har interesser i området skal involverast. Slik blir ulike interesser og omsyn som skal vere ein del av avgjerdsgrunnlaget, høyrte og vurderte når kommunestyret skal bestemme arealbruken for eit område.

Fleire interesser og omsyn kan gjere seg gjeldande ved same type arealbruk, og i nokre tilfelle kan dei vere motstridande. Det er opp til kommunestyret sitt frie skjøn å avgjere kva interesser og omsyn som skal vege tyngst, og kva som er den mest tenlege arealbruken for eit område. Arealbruksvurderinga må vere sakleg grunngjeve ut i frå reguleringsmessige og alminnelege forvaltningsmessige krav.

Dette inneber at dei vurderingar som ligg til grunn for arealbruken, ikkje må vere mangelfulle eller vilkårlige, og heller ikkje motiverte av utanforliggende omsyn. Reguleringsvedtaket må ikkje stå fram som sterkt urimeleg eller uforholdsmessig ovanfor den enkelte grunneigar. Vedtaket må heller ikkje innebere at nokon av grunneigarane blir forskjellsbehandla utan at det er sakleg grunn for det.

Når det gjeld kommunestyrets skjønnsmessige vurdering av kva som er den mest tenlege arealbruken for eit område, skal Statsforvaltaren som klageinstans legge stor vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret, sjå fvl. § 34, 2. ledd.

Trafikktryggleik



I klaga som gjeld trafikktryggleik løftar klagarane fram at den regulerte avkøyringa frå planområdet til Moavegen ligg ved eit fotgangarfelt, eit kryss og ved ein 90-graderssving. Avkøyringa er i dag allereie i bruk av to andre eigedomar. Klagarane peikar også på at trafikkanalysen er utført på feil faktisk grunnlag ettersom næringstrafikk til og frå sjukeheimen, omsorgsbustadar, fysioterapi, heimesjukepleie og varetransport ikkje er rekna med. Det same gjeld for anna gjennomgangstrafikk enn den bustadeigarane sjølv står for. Klagarane ønsker at kommunen vedtar sentrumsplanen og sikrar utbetring av vegnettet i og rundt planområdet før fortettingsprosjekt blir iverksett.

Spørsmålet Statsforvaltaren skal vurdere er om saksutgreiinga i tilstrekkeleg grad gjer greie for korleis utbygginga av planområdet vil påverke trafikksituasjonen. Vi vil også sjå på om kommunens arealbruksvurdering – altså vurderingane av kva løysingar planen legg til rette for – er tilstrekkeleg grunngeve.

Vi vil først gjennomgå kva trafikk-faglege vurderingar som er gjort i plansaka.

I trafikkanalysen (18. februar 2022) punkt 3.2 står det at eksisterande trafikkmengd i lokalvegnettet er estimert på trafikk knytt til bustadane i området, samt Surnadal legesenter / legevakt og garasjeanlegg for utrykkingskøyretøy. I trafikkanalysen punkt 4 og i ROS-analysen (28. februar 2022) s. 7 står det at reguleringsplanen medfører ei auke på 60 bilturar i trafikksystemet, noko som er ei moderat auke i trafikkmengd på 16 – 20 %. Vidare står det i trafikkanalysen at mellom planområdet og sentrum må mjuke trafikantar bruke vegbana (fordi det ikkje er etablert fortau), men at vegane har relativt lite trafikk. Hastighetsnivået er lavt grunna vegstandarden.

Når det gjeld parkering, står det i punkt 4 at den planlagde parkeringsløysinga er meint å dekke parkeringsbehovet frå buande og besøkande, slik at ein unngår utilsikta parkering på nærliggande tomter og langs vegen. Det er elles politisk vedtatt at fortau langs Skeistrøvegen skal inngå i den framtidige sentrumsplanen. Reguleringsplanen legg difor opp til fortau i øvre del av denne gata. Fortauet blir forbunde til fortauet på nordsida av Moavegen med regulert gangfelt.

I ROS-analysen har forslagsstillaren identifisert risiko for trafikkulykke ved av- og påkøyring, ulykke med gåande / syklande, samt andre ulykkespunkt. For å avbøte risikoen blei det i ROS-analysen tilrådd å iverksette risikoreduserande tiltak. Konkret resulterte dette i rekkefølgekrav om utbetring av krysset Moavegen x Skeivegen, samt regulerte siktliner for regulert av- og påkøyring til planområdet.

Vidare er dei eksisterande trafikkforholda omtalt i planomtalen punkt 6.9. Her blir forhold som krysset Moavegen x Skeivegen, gang- og sykkelvegar i Skei, vegbreidda forbi planområdet, etablerte fortau, og trafikken langs fylkesvegane og lokaltrafikken omtalt.

Planens verknader for trafikksituasjonen er omtalt i punkt 9.11. Det står at trafikkmengda fortsett vil vere lav og det er ikkje venta bilkøar som følge av planforslaget. Det står omtalt korleis parkering blir løyst, at det blir regulert rekkefølgekrav for å utbetre krysset Moavegen x Skeivegen, at det blir regulert to fotgangarfelt langs Moavegen og fortau langs Skeistrøvegen, og at svingradiusen ut frå planområdet er tilfredsstillande.

I planprosessen uttalte Statens vegvesen den 28. mai 2021 at tilkomsten til planområdet frå vest vil ha utfordrande siktforhold. Dei skriv at det er lite trafikkmengd i denne delen av Moavegen, men at avkøyringa svært nær eit kryssområde uansett er krevjande. Kommunen måtte også vurdere om kantparkering langs Moavegen er akseptabelt. Vegvesenet uttalte seg på nytt 3. juli 2023:



«Vi savner en mer helhetlig trafiksikkerhetsvurdering knyttet til planområdet og virkninger den vil ha på trafikkbildet, også utenfor planområdet. Vi tenker da spesielt på en uheldig plassering av adkomst og dens nærhet til kryssområdet og utfordringer knyttet til friskt, men også tilrettelegging for myke trafikanter på sørsiden av Moavegen og planlagt kantparkering.

Vi synes det er uheldig å legge opp til kantparkering langs Moavegen, da dette strider mot prinsippet om snimulighet på egen tomt. Vi tenker en bør kunne komme frem til løsninger som sikrer myke trafikanter, men samtidig dekker behovet for parkering i planområdet».

Også politiet skriv i ei uttale 1. desember 2012 at dei til ein viss grad kan kjenne igjen bekymringane angående trafikktryggleik i området, med tanke på den massive utbygginga som har vore over tid.

I samband med planvedtaket gjorde kommunen ei samla vurdering av trafikktryggleik. Her skildrar kommunen korleis fleire utbyggingsprosjekt i nærområdet samla sett har ført til ei stor auke i trafikkmengd både i Moavegen og Skeistrøvegen dei siste åra. Kommunen drøftar ulike framtidige løysingar for fortau og skilting i nærområdet, og stenging av gjennomkøyring frå ein veg som fører fram til Moavegen. Kommunen ser det som positivt at tilkomsten til planområdet er samla til éi avkøyring, sjølv om det blir auka trafikk ved dette punktet. Samla sett meiner kommunen det kan tillatast 10 bueiningar i planområdet utan at det får vesentlege følgjer for trafikktryggleiken i området.

I tillegg til dette følgjer det av kommunestyrets planvedtak at merknadane frå Statens vegvesen må takast særleg omsyn til i vidare arbeid i planområdet, og at tilpassing til kringliggende bustadområde blir særleg ivaretatt i byggesaksbehandlinga.

Vi går deretter over til vår vurdering av saka.

Bakgrunnen for å bruke den eksisterande avkøyringa i den nye reguleringsplanen kjem fram i saksframlegget til MAT-utvalet 25. november 2020. Her står det at tiltakshavaren ønsker å utnytte at det er fire meter høgdeforskjell frå planområdets høgste og lågaste punkt. Dette gjer dei ved å legge til rette for parkering i underetasje med innkøyring frå det lågaste punktet på tomta, som ligg nordvest i planområdet.

Vidare står det i det same saksframlegget at den trafikale situasjonen ikkje vil bli vesentleg endra som følge av reguleringsplanen (uttalt i samband med 14 nye bueiningar). Kommunen vurderte at det er eigarane av eigedomane som allereie bruker den aktuelle avkøyringa som vil oppleve den største endringa. Kommunen skriv også at det er lagt fram skisser for mogleg tilkomst til planområdet frå aust via Skeistrøvegen, sjå kartet til høgre. Løysinga er ikkje ønskeleg fordi det er kort veg mellom avkøyringa og Moavegen, og at det er planlagt fortau langs Skeistrøvegen.



Planprosessen har elles avdekt behov for å regulere siktlinjer i avkøyringsområdet til og frå planområdet. Kommunen ser det som positivt at trafikken til og frå Moavegen blir samla til eitt punkt. Kommunen har også vurdert fleire relevante forhold knytt til trafikktryggleik i nærområdet. Statsforvaltaren såg på synfaringa at avkøyringspunktet byr på ein nokså kompleks trafikksituasjon. Ved avkøyring frå planområdet ligg det eit fotgangarfelt rett mot venstre. Like deretter kjem eit kryss med avkøyring ned Moabrekka. I same krysset fortsett Moavegen i ein 90-graderssving. Mot slutten



av svingen ligg legevakta med utrykkingskøyretøy inn til venstre. I det påfølgande området ligg mange omsorgsbustadar, sjukeheim, fysioterapeut og barnehage. Trafikken på vegen er omtalt som låg, men den er likevel periodevis høg, særleg i samband med vaktskifte på arbeidsplassane.

Statsforvaltaren ser at kommunen har gjort vurderingar av kvar tilkomsten til planområdet bør vere. Samtidig kan vi ikkje sjå at den konkrete avkøyringsløyisinga er nærare utgreidd eller omtalt, heller ikkje i kommunens samla trafikktryggleiksvurdering. Dette til trass for både klagaranes og Statens vegvesen innspel til saka. Vi tenker til dømes på faglege vurderingar av trafikkbiletet i krysset eller vurderingar av kor mange nye bueiningar som kan tilførast krysset for at krysset framleis har akseptabel ulykkesrisiko.

Vi kan heller ikkje sjå at kommunen har synleggjort grunngjevinga si for kvifor det er tilstrekkeleg med fortau berre på nordsida av Moavegen. Det same gjeld vurderingar av kvifor ein ønsker sidevegs parkering langs Moavegen heller enn at all parkering skjer «inne på tunet».

Statsforvaltarens såg på synfaringa at klagaranes uro for framtidig trafikktryggleik i kryssområdet må reknast som reell. Dette har også støtte i vegvesenets innspel til saka. Vår samla vurdering er at plandokumenta gir for lite konkret informasjon om forventa trafikkbilete og trafikktryggleik knytt til avkøyringspunktet. Vi saknar nærare vurderingar av kvifor akseptable risiko for trafikkulykker ikkje er overskride. Vi legg også til at trafikkanalysen som ligg til grunn i saksdokumenta ikkje har tatt høgde for all trafikk som går langs Moavegen. Som nemnt er også grunngjevinga eller bakgrunnen for sidevegs parkering i liten grad skildra.

Etter dette ligg det føre saksbehandlingsfeil knytt til opplysninga av saka etter forvaltningslova (fvl.) § 17 og etter pbl. § 12-12 om at innkomne merknader til planforslaget og planens konsekvensar skal gjerast greie for. Vi kan ikkje sjå vekk ifrå at planen kunne fått eit anna innhald dersom saka var tilstrekkeleg utgreidd. Vi ser oss difor nøydt til å oppheve planvedtaket, sjå fvl. § 41.

### **Vidare saksgang**

Surnadal kommunes vedtak av reguleringsplanen for Moavegen 21 er oppheva og er per tid ikkje gjeldande. Vedtaket vårt inneber at reguleringsplanen blir sendt tilbake til kommunen for vidare arbeid med dei manglande klagebehandlinga har avdekt. Kommunens vidare planarbeid kan avdekke om planen skal fremjast på nytt slik den allereie no ligg føre, eller om endringar må til.

### **Statsforvaltaren sitt vedtak**

Statsforvaltaren opphevar Surnadal kommune sitt vedtak av detaljregulering Moavegen 21, planID. 202 00009, den 7. september 2023 i kommunestyrets sak 55/23. Klaga er tatt til følge.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, sjå forvaltningslova § 28.

Partane har fått kopi av dette brevet og er dermed orientert om vedtaket.

Dersom klagarane har krav om å få dekt sakskostnader, må kravet sendast innan tre veker etter at de fekk dette brevet. Kravet skal avgjerast av Statsforvaltaren, sjå forvaltningslova § 36.

Med helsing



Rigmor Brøste (e.f.)  
ass. statsforvaltar

Helge Mogstad  
underdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Kopi til:**

SETRA SURNADAL AS	Setergardsvegen 20	6652	SURNADAL
ANGVIK PROSJEKTERING AS	c/o Angvik Næringspark Fabrikkvegen 20	6636	ANGVIK
Guro Eli Ramsøy	Moavegen 23	6650	Surnadal
Mali Skei	Moabrekka 1	6650	Surnadal
Rune Dalager	Moabrekka 1	6650	Surnadal
Kari Haugan Skogseth	Postboks 94	6656	Surnadal
Trond Torbjørn Larsen	Moavegen 25	6650	Surnadal
Maren Lucie Rygh Larsen	Moavegen 25	6650	Surnadal
Kåre Bævre	Postboks 149	6656	Surnadal
Roald Røe	Moavegen 28	6650	Surnadal
Ingrid Lien	Moavegen 28	6650	Surnadal
Katrine Schei Bergheim	Skeistrøvegen 3	6650	Surnadal
Leif Roger Bergheim	Skeistrøvegen 3	6650	Surnadal
Odd Harry Kvendbø	Moavegen 22	6650	Surnadal
Mette Sigrid Heggset Moe	Moavegen 24	6650	Surnadal
Kristian Moe	Moavegen 24	6650	Surnadal